



Retningsliner for varsling av kritikkverdige omstende

1. Føremål

Vinje kommune ynskjer å sikre eit godt klima for openheit og god ytringskultur. Føremålet med retningslina er å signalisere at varsling som er **sakleg grunngjeve** er lovleg og ønskt, og at varslaren skal vernast mot represaliar.

2. Omfang

Politikarar og tilsette.

3. Definisjonar

Varsling er å seie frå om kritikkverdige omstende. Dette er omstende som er i strid med lover, interne reglar eller retningsliner eller ålmant aksepterte etiske normer.

Kritikkverdige omstende kan t.d. førekoma som:

- Korruption
- Underslag/tjuveri
- Seksuelle overgrep
- Mobbing og trakkassering
- Diskriminering
- Maktmisbruk
- Brot på teieplikt
- Omstende som medfører fare for liv og helse

4. Rutinar for varsling

Forsvarleg

- Varslinga skal vere forsvarleg
- Varsling i samsvar med varslingsplikt, til dømes etter Arbeidsmiljølova § 2-2 andre ledd, bokstav d) eller e), eller varsling til tilsynsmynde eller annan offentleg mynde er alltid forsvarleg
- Varsling i tråd med rutinen er forsvarleg
- Forsvarleg varsling inneber at det ikkje varslast på ein måte som er trakkasserande eller unødvendig sårande
- Forsvarleg varsling skal ikkje føre til represaliar mot varslar

Kven skal det varslast til

- Ekstern varsling
Ved varsling frå ekstern aktør, nyttar ein som hovudregel skjema på kommunens heimeside. Saker frå eksterne varslarar går alltid direkte til organisasjonssjef og varslarombodet på lukka e-postadresse: varsling@vinje.kommune.no.
- Intern varsling
Interne varslingsaker skal ein alltid løyse på lågast mogleg nivå. Varslet går då til nærmeste overordna eller til leiar på nivået over, dersom nærmaste leiar er ein del av varslet. Alternativt kan varslet leverast til tillitsvald/verneombod eller varslarombodet.

Varslarombod

I dei tilfelle der det er avdekt grove kritikkverdige omstende, kritikkverdige omstende som er retta mot øvste administrative leiing, eller som ikkje blir tatt alvorleg, kan varslarombodet kunne kontaktast.

Varslarombodet i Vinje kommune er personalrådgjevar. Avhengig av alvorsgrad, vil varslarombodet drøfte saka med varslarsekretariatet. Saman skal dei avgjere om det er ei varslingssak eller ikkje. Varslarsekretariatet består av organisasjonssjef, varslarombodet og hovudverneombod. Mogleg ugildskap vurderast frå sak til sak. Saka blir handsama vidare i tråd med rutinen.

Kontradiksjonsprinsippet

Den som blir anklaga i varslet skal bli gjort kjent med innhaldet i varslet. Vedkomande har rett til å gje si uttale, jf. kontradiksjonsprinsippet.

Tilbakemelding

- Den som varslar skal få tilbakemelding innan 14 dagar om kva som skjer med saka det er varsla om
- Den det er varsla om, skal få tilbakemelding om utfallet når saka er ferdig handsama

Journalføring

Saka skal journalførast i kommunen sitt sak/arkivsystem i samsvar med offentleglova. Saker som omhandlar trakkassering/mobbing skal alltid vere unntatt frå det offentlege. Saka skal tekast med «Varsling» og journalføres på einingsleiarnivå.